

SYKKYLVEN KOMMUNE
KOMMUNEPLAN
AREALDELEN
2025-2035

PlanID15282022006

Konsekvensutgreiing

HØYRINGSUTKAST
(dato 06.03.2025)

INNHOLD

UTGREIINGSBEHOV I PLANPROGRAMMET	4
VURDERINGSMETODE og DATAGRUNNLAG	4
Vurderingskriterium	4
Metode	5
Kriterier og datakjelder	6
Naturmangfald	6
Vassmiljø6	
Kulturminne og landskap	7
Jordressursar	7
Skogressursar	8
Lausmassar og mineralske ressursar	8
Forureining og støy	9
Samfunnstryggleik	9
Klimagassutslepp	10
Utbyggingsmønster - tettstadutvikling	10
Friluftsliv, grøntstruktur	11
Teknisk infrastruktur inkl. drikkevatn	11
Sosial infrastruktur	12
Folkehelse og trafikktryggleik	12
Nærmiljø - barn og unge	13
Oversikt vurderte areal	13
Bustadområde	15
Fritids- og turistformål	25
Nærings	38
Andre typer bebyggelse og anlegg	40
Naust 42	
Rorbu 44	
LNF-spreidd bustad	48
LNF-spreidd næring	50
Parkering	54
Samla vurdering etter konsekvenstema	57
Vedlegg 1 Landbruksfagleg vurdering av innspel til nye byggeområde	58

UTGREIINGSBEHOV I PLANPROGRAMMET

Kunnskapsgrunnlaget innanfor alle vurderingstema skal vurderast, og oppdaterast etter behov. I følgje planprogrammet skal det gjerast følgjande nye utgreiinga:

Tema	Utgreiingsbehov
Jordressursar	Arealrekneskap – utarbeide førstatus og verknad av plan Særskildt vurdering av auka risiko knytt til overvatn som følgje av klimaendringar.
• Samfunnstryggleik • Klimaendringar • Skred- og flaumfare • Kommunen må vurdere om omsyn til endra klima fører til behov for oppheving eller endring av gjeldande planar	
Klimagassutslepp	Utgreiing av klimakonsekvens av byggeområde/plan (Eget prosjekt støtta med Klimasats-midlar frå Miljødirektoratet)
Friluftsområde/grøntstruktur	Ferdigstille lokal kartlegging av friluftsområde. Kartlegging av friluftslivets ferdelsårer (folkehelsekoordinator 2022/23)
Folkehelse	Oppdatering av kommunal folkehelseprofil
Nærmiljø – barn og unge	Barnetrakk-kartlegging

VURDERINGSMETODE og DATAGRUNNLAG

Vurderingskriterium

Rammene for planarbeidet er fastsett i planprogrammet vedteke av Nærings- og utviklingsutvalet i møte 03.10.2022. Oppdatert planprogram 09.01.2023.

Kriterium i vurderinga er valt ut frå Forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova (FOR-2017-06-21-854).

Tema: Naturmangfald/BM
Vassmiljø
Kulturminne/-miljø/landskap
Jordressursar
Skogressursar
Lausmassar og mineralske ressursar
Forureining og støy
Samfunnstryggleik
Klimagassutslepp
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling
Friluftsliv, grøntstruktur
Teknisk infrastruktur inkl drikkevatn
Sosial infrastruktur – skule/barnehage

Folkehelse

Nærmiljø - Barn og unge

Metode

Vurderingane er sett opp skjematisk i eit fastsett matrise. Ved hjelp av kart og foto synleggjer ein nosituasjon og ønska arealbruk.

Tematisk oppsett skjema gir opplysningar om tilgjengeleg kunnskap innanfor kvart tema. Det vert gitt ei kortfatta vurdering av konsekvens, og oppsummert med positiv/nøytral/negativ verdi for vurderingstema.

- + Positive konsekvensar (grøn farge)
- 0 Ingen vesentlege konsekvensar, nøytral (gul farge)
- Negative konsekvensar (raud farge, moderat negativ konsekvens oransj farge)

Konsekvensane kan ikkje summerast matematisk, men synleggjer konsekvensane av tiltaket for dei ulike tema. Om konsekvensar for eitt vurderingskriterium er så negative at ei utbygging er vurdert som uakseptabel uavhengig av konsekvensar for andre kriterium, vert utbygging ikkje tilrådd.

Omgrepet "uakseptable negative konsekvensar" inneber m.a.o. at dei negative konsekvensane er så vesentlege at dei ikkje løt seg vege opp for andre positive konsekvensar, eller at ulemper ikkje løt seg minimere gjennom avbøtande tiltak.

Verdien 0 er brukt der tiltaket vert vurdert til ikkje å ha vesentlege konsekvensar for vurderingstema.

Moglege avbøtande tiltak er vurdert separat.

Sist er det gitt ein konklusjon på bakgrunn av konsekvensar og eventuelle avbøtande tiltak. Avbøtande tiltak kan vere lagt inn som ein føresetnad for utbygging (rekkefølgjekrav).

Kriterier og datakjelder


Naturmangfald

Naturmangfaldlova §§ 8-12 ligg til grunn for vurdering av utbyggingsområde, m.a. av kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet og samla belasting for naturverdiar.

- + Positiv verknad/sikrar eller styrkar naturmangfaldet
- 0 Påverkar ikkje naturmangfald
- Det er påvist naturtyperegistreringar i utbyggingsområde eller influensområde. Dersom det vert foreslått utbygging i område med slike registreringar eller vurderingar må det gjerast vidare vurderingar ev undersøkingar i samband med reguleringsplan slik at det vert teke naudsynte omsyn, jf nml §§ 9-12.

I utbyggingsområde og influensområde der det ikkje er påvist naturtyperegistreringar er teksten "Ingen kjende registreringar" nyitta i vurderinga. Dersom det ikkje går fram av kommentaren, er det heller ikkje vurdert som sannsynleg at det kan ligge føre andre artar eller naturtypar som ikkje er fanga opp i naturbasen og det er gitt nøytral konsekvens. Kravet etter nml §8 er såleis oppfylt. For desse områda er det ikkje funne naudsynt å gjere vidare vurderingar etter §§ 9-12 då det er lagt til grunn at verdfull natur ikkje vert vesentleg negativt påverka.

Kunnskapsgrunnlag: *Kartlegging av biologisk mangfald i Sykkylven kommune (2011)*, kartlegging av inngrepstilte naturområde i Noreg (INON), Naturbasen (DN), Artsdatabanken.




Vassmiljø

Omfattar både naturmangfald og forureining i vatn.

- + Positiv verknad/sikrar eller styrkar vassmiljøet
- 0 Påverkar ikkje vassmiljøet
- Tiltaket har negativ konsekvens for vassmiljøet.

Kunnskapsgrunnlag frå Naturbasen, artsdatabank, Vann-nett, BM-kartlegging.



Kulturminne og landskap

"Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet."

(Kulturminnelova § 1)




Fig. Kartutsnitt kulturminne, SEFRAK, Askeladden (gislink.no)

- 0 Utbyggingsområde der det ikke er påvist kulturminne, -miljø, -landskap er gitt nøytral konsekvens.
- Utbyggingsområde der det er påvist kulturminne, -miljø, -landskap er gitt negativ konsekvens.

Negativ konsekvens er eit varsko om å vise omsyn. Der slike registreringar inngår i område foreslått til utbygging, må nærmere avklaring/ivaretaking skje gjennom reguleringsplan, t.d. etter metodikken i Miljødirektoratet sin rettleiar for vurdering av miljøkonsekvens av plan.

Kunnskapsgrunnlag: Regional delplan for kulturminne, Riksantikvaren sin database Askeladden (automatisk freda kulturminne), SEFRAK-registeret (bygningar eldre enn år 1900). Lokal kartlegging av kjerneområde landbruk med kulturlandskap (grovregistrering).

Jordressursar

Alle innspel er gitt ei særskild landbruksfagleg vurdering (vedlegg 1). Vurderinga deler nye forslag i tre kategoriar; få negative konsekvensar, moderate negative konsekvensar og store negative konsekvensar for landbruket. Konklusjonane er overført til KU-skjema.

- 0 Få negative konsekvensar
- Moderate eller store negative konsekvensar

I botn for vurderinga ligg registreringa av kjerneområde landbruk for Sykkylven kommune (2008).

Kjerneområde landbruk består av to typar areal:
1 - verdifulle areal til matproduksjon
2 - verdifulle landbruksprega kulturlandskap

Kunnskapsgrunnlag: Kjerneområde landbruk kartlegging, kart, kartlagt dyrkbar jord (NIBIO), lokalkunnskap.





Fig. Utsnitt frå kjerneområde landbruk, Sykkylven 2008

Skogressursar

Konsekvens for skogressursar vert vurdert av alle forslag.
Inngrep i skog med høg eller særskilt høg bonitet

- 0 Få negative konsekvensar, små areal, skog middels eller låg bonitet, eller uproduktiv skog.
- Moderate eller store negative konsekvensar, store areal, skog høg eller særskilt høg bonitet.

Kunnskapsgrunnlag er arealressurskart detaljert AR5 (NIBIO kartteneste, kilden.nibio.no)



Lausmassar og mineralske ressursar

Alle tiltak blir vurdert for konsekvens for registrerte sand- og grunsforekomstar.

- 0 Få negative konsekvensar, ressurs av lokal eller liten lokal betydning
- Moderate eller store negative konsekvensar, ressurs av regional eller nasjonal betydning

Kunnskapsgrunnlag er Norges geologiske undersøkelser, sand og grus-registreringer (kartinnsyn ngu.no) og gis.link



Forureining og støy

Det blir vurdert om eit foreslått byggetiltak vil føre til forureining, og om eit område med forureina grunn er tenkt brukt til byggeområde.

Støy er vurdert utifrå i kva grad utbygging vil medføre sjenerande støy for omgjevnadane, og i kva grad utbygging vil verte utsett for støy frå eksisterande støykjelder.

Utbyggingsområde der det ikkje er påvist forureining/støy og utbyggingstiltak som ikkje er vurdert å gje slike konsekvensar, er vurdert som nøytral konsekvens. Tilsvarande er det vurdert som negativ konsekvens der det er påvist forureining/støy eller ein reknar med at utbyggingstiltak kan føre til dette.

- + Kan redusere dagens forureiningsnivå og betrar forureiningssituasjonen
- 0 Utbyggingsområde der det ikkje er påvist forureining/støy og utbyggingstiltak som ikkje er vurdert å gje slike konsekvensar eller situasjon som kan handterast med enkle tiltak.
- Tiltak som kan føre til auka forureining eller ligg i område utsett for støy/forureining.

Kunnskapsgrunnlag: Støyvarselkart Statens vegvesen, Miljødirektoratet, Forurensingsdatabasen, Mdir, GisLink..




Fig. Støyvarselkart, SVV 2023

Samfunnstryggleik

Kommunen har ansvar for at nye byggetiltak ikkje vert plassert slik at menneske eller materielle verdiar vert utsett for fare. Ein må unngå utbygging i område som kan vere utsett for ras, flaum eller andre natur- og menneskeskapte risikotilhøve. Vurdering vert gjort i forhold til korleis ønske tiltak vert vurdert som risikoutsett.

- 0/+ Utbygging som ikkje kjem i konflikt med kjende konsekvensar for samfunnstryggleiken, er gitt nøytral/positiv konsekvens.
- Det er gitt negativ konsekvens der det er påvist risiko, innanfor aktsemndssoner eller risiko ikkje er avklara.

Der arealbruk kjem i konflikt med aktsemndsoner risiko, må nærmare undersøkingar gjerast for å avklare faktisk risiko for det enkelte byggjeprosjekt, ev. utgreiing av avbøtande tiltak som kan sikre planlagt utbygging. Dette er innarbeidd i føresegne til planen.

Utbygging innanfor faresoner må dokumentere tiltak som stettar krava sett i byggteknisk forskrift, TEK17 kap 7.

Kunnskapsgrunnlag: NVE kartkatalog fare og aktsemsområder (fleire tema), Heilskapleg ROS-analyse for Sykkylven (2023), NGI-rapport Åknes/tafjord-prosjekt 20051018-00-1-R, revidert 21.02.2011, NVE rapport 34-2015 Skredfarekartlegging i Sykkylven kommune, NVE-rapport 9-2007 – Flaumsonekart Aureelva. Berekna oppskylling frå Åknes-ras, havnivåstigning (NGI-rapport Åknes/tafjord-prosjekt 20051018-00-1-R, revidert 21.02.2011).




Fig. Døme kartgrunnlag ROS – aksemddssoner, skredfare og oppskyllings- og evakueringssone flodbølgje.

Klimagassutslepp

Det er estimert klimagassutslepp frå arealbruksendringar som kommuneplanen gir moglegheit til. Berekningsmetode er ut frå Miljødirektoratet sin rapport (M-989, 2023) over en periode på 20 år. Dagens gjeldande kommuneplan er samanlikna med forslag til ny plan. Berekingane er gjort av Multiconsult. Metode mm går fram av egen rapport *Klimagassutslipp fra arealendringer i kommuneplan, foreløpig versjon Multiconsult juni 2023*.

Det er særleg omdisponering av skog som får negativ konsekvens for klimagassutslepp.

Arealbruk vert klassifisert etter seks standard kategoriar: beite, dyrka mark, skog, utbygd areal, vatn og myr samt anna utmark. Det vert gjort ei vurdering om arealbruken i dag og i framtida. Når ei omdisponering oppstår, gjer ein ei klimagassberegnung, ut frå gjennomsnittlege berekna utsleppverdiar for arealtypen. Summen av desse beregningane dannar utslippsprognosa for plan- eller prosjektområdet, som vist i figuren under.

Resultat er visualisert i kart der skog- og myrareal, som har store klimamessige konsekvensar, får mørk raud farge.

- + Tilbakeføring av byggeareal til LNF
- 0 Mindre delar av omdisponert areal er skog/myr.
- Overvekt av skog/myr i omdisponert areal.



Utbyggingsmønster - tettstadutvikling

Statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014) har som målsetjing at transportbehovet skal minimerast gjennom god arealplanlegging. Kommunane skal gå i arbeidet med å redusere klimagassutslepp og å sikre meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging.

Overordna vurdering om utbygginga vil føre med seg auka transportbehov og klimagassutslepp, samt tilgjengeleghet til kollektivsystem, gang- og sykkelveg. Tilgjengelegheta vurderast mot ulike funksjoner som skule, barnehage, idrettsanlegg, kollektivhaldeplass og butikk.

- + Lavt transportbehov, god tilgjengeleghet og beliggenheit, relativt lavt utslepp og mindre konsekvensar for transportsystemet og lite bilbasert.
- 0 Middels transportbehov, tilgjengeleghet og beliggenheit, middels utslepp og konsekvensar for transportsystemet og middels bilbasert.
- Høgt transportbehov, dårlig tilgjengeleghet og beliggenheit, høgt utslepp og store konsekvensar for transportsystemet og hovudsakeleg bilbasert

Kunnskapsgrunnlag: Lokalkunnskap, kart.

Friluftsliv, grøntstruktur

Vurderinga vektlegg i kva grad utbygging vil redusere eller øydelegge viktige nærturområder, eller vil bryte viktige ferdssårer.

For bustadområde er det i tillegg vurdert om tilgangen til gode rekreasjonsområde er tilfredsstillande.

- + Auka/betra tilrettelegging
- 0 Ingen verknad
- Negativ verknad, t.d. tap av grønstruktur, attraktive friluftsområde, hindrar tilkomst, mm.

Kunnskapsgrunnlaget: Elevkartlegging friluftsliv, Sykkylven vgs 2020. gislink, statleg sikra friluftsområde, barnetrakk-kartleggingar gjennom fleire år (nye for skulane i planområdet i år), Morotur, turkart for Sykkylven, lokalkunnskap, kartgrunnlag over stiar og råser.

Prosjektet Friluftslivets ferdssårer som var tenkt som eit viktig kunnskapsgrunnlag, manglar som formelt kunnskapsgrunnlag. Manglande kapasitet grunna vakanse ligg til grunn for at prosjektet ikkje vart fullført i tide til å inngå i kunnskapsgrunnlaget

Delområde og verdi etter M-1941 rettleiar for konsekvensutgreiing for klima og miljø nytta for å vurdere påverknaden for friluftsliv. Ikkje alle tiltaka kunne plasserast i lista over delområde.

Svært begrensa omfang av nye byggeareal i planen gjer at andre registreringar saman med lokalkunnskap gir eit akseptabelt kunnskapsgrunnlag for vurdering av tema.

Delområde og verdi etter M-1941 rettleiar for konsekvensutgreiing for klima og miljø nytta for å vurdere påverknaden for friluftsliv. Ikkje alle tiltaka kunne plasserast i lista over delområde.

Teknisk infrastruktur inkl. drikkevatn

Teknisk infrastruktur omfattar i denne samanheng veg, vatn, avløp, el-forsyning, fiberkabel o.a. Best mogleg utnytting av eksisterande anlegg er samfunnsøkonomisk lønnsamt. For vassforsyning til dømes, er prisnippet om utnytting av eksisterande anlegg nedfelt i Nasjonale mål for vatn og helse, vedtatt av Regjeringa sist revidert 13.09.2017.

Nærleik til eksisterande anlegg vert vurdert som positivt.

- + Allereie etablerte etablerte anlegg med gode tilknytingsmøgleheter.
- 0 Må gjennomføre mindre tiltak på eksisterande anlegg før etablering
- Må gjennomføre kostbare tiltak for å oppnå muligheter for å etablere tilknyting

Kunnskapsgrunnlag: ROS-analyse, ledningskart, nedbørdfelt for drikkevaskjelder, lokalkunnskap.

Sosial infrastruktur

Sosial infrastruktur omfattar skule, barnehage, forsamlingshus og andre bygg og anlegg som er viktige møteplasar i daglelivet.

Nærleik til denne type bygg og anlegg og trygge tilkomstvegar er positivt. Det er ikkje lagt til grunn konkrete avstandsdefinisjonar. I skulesamanheng nyttar ein 2 km for førsteklassingar og 4 km for andre elevar som grenseverdiar for skuleskyss, i tillegg til vurdering av om vegen er farleg eller vanskeleg. I konsekvensuvurderinga er det brukt ei skjønnsmessig vurdering av desse tilhøva, ut frå lokalkunnskap, gang- og sykkelvegnett, barnetrakk, mm.

- + Kort avstand og trygg tilkomst til skule/barnehage, idrettsanlegg, samfunnshus og andre møteplassar.
- 0
- Langt avstand og/eller ikkje trygg tilkomst, bilavhengig.

Folkehelse og trafikktryggleik

Det er vurdert om utbyggingsområde ligg slik til at det dei fleste kan gå eller sykle til aktivitetar, og om området har nærleik til turområde/friområde. Det er også vurdert om utbyggingsområde grip inn i eller påverkar turområde/friluftsinteresser.

Gangavstand til møteplassar og tenester, trygt trafikkbilete med gang- og sykkelvegar, tilgang til friluftsområde, nærekreasjon mm er viktige moment i vurderingane.

Universell utforming er vurdert som ein del av folkehelse. Universell utforming til uteområde og bygningar er nasjonale krav til nedfelt i plan- og bygningslova (1-1, femte ledd) og Teknisk forskrift, TEK17. Kommunen har som planmynde det primære ansvaret for å bruke dei nasjonale måla om tilgjenge for alle som ein del av avgjerdsgrunnlaget ved planlegging og handsaming av enkeltsaker.

I kommuneplanen er krav om universell utforming lagt inn som ei generell føring for all detaljregulering, i samsvar med lovverket.

Folkehelseperspektivet inngår fleire også i andre tema: - Forureining og støy - Nærmiljø, grøntstruktur, friluftsliv - Born og unge - Samfunnstryggleik

- + Utbygging som kan bidra positivt til folkehelsesituasjonen.
- 0 Tiltak som ein vurderer å ikkje ha vesentleg effekt på folkehelsa.
- Utbygging som vil kunne gi negativ verknad for folkehelsa.

Kunnskapsgrunnlag: Folkehelseinstituttet folkehelseprofil og oppvekstprofil for Sykkylven (årlege) Folkehelseoversikt Sykkylven (2018), kartdata, lokalkunnskap om turområde, turvegar, badeplassar, barnetrakk, elevkartlegging Sykkylven vgs, mm.

Lenke til Folkehelseoversikt Sykkylven 2018:

http://sykkylven.kommune.no/getfile.aspx/document/epcx_id/1137/epdd_id/3316

Med utgangspunkt i folkehelseoversikten er det utarbeida eit eige kunnskapsgrunnlag Folkehelse og arealbruk til denne planprosessen.

Nærmiljø - barn og unge

Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge seier at det ved bustader, skular og barnehagar skal vere god tilkomst til variert og samanhengande grønstruktur med samband til omkringliggende naturområde. Areal som vert brukt av barn og unge, skal vere sikra mot m.a. forureining, støy og trafikkfare.

Som planstyresmakt har kommunen ansvar for å sjå til at dette blir følgt opp. Natur og friluft er viktige oppvekstvilkår for barn og unge.

- + Utbygging som kan sikre eller styrke born og unge sine interesser.
- 0 Ingen verknad (ikkje tap/omdisponering av areal som førar med seg konfliktar med born og unges interesser)
- Tiltak med klart negativ verknad, eksempelsvis tap av viktige areal, store avstandar, utrygg skuleveg, mm.

Kunnskapsgrunnlag: Barnetrakk-kartlegging i Sykkylven (eldre og nye frå 2023). Utsnitt frå ny-kartlegging i 2023 er vist under.

Friluftskartlegging elevar Sykkylven vgs 2020.

I utsnittet er registreringane vist som prikk-symbol på grunn av lesbarhet. Bak registreringane ligg meir detaljert informasjon om type bruk og kommentarar. Om kartleggingsmetoden, sjå: www.barnetrakk.no

Oversikt vurderte areal

	Område	Gbnr	Forslagsstillar	Ref i merknads- gjennomgang	areal
BUSTAD					
B1	Velledalen	28/1	Karn Lade	P7	2 da
B2	Velledalen	32/15	Egil Brunstad	P19	11 da
B3	Hundeidvik	54/1	Torkjell Utgård	P9	21 da
B4	Ramstaddal	65/1	Sissel Tafjord	P20	2 da
FRITIDS- OG TURISTFORMÅL					
FTU1	Aurdal	11/6	Anne Kari Ellefsen Skotte	P21	9 da
FTU2	Aurdal	11/3	Sigurd Johan Saure	P23	1 da
FTU3	Hundeidvik	51/38 mfl.	Fjord panorama v/Bjørn Idar Lyngvær	P3	3 da
FTU4	Hundeidvik	54/7 mfl.	Hundeidvik idrettslag	P28 (etter 1.gongs høyring)	230 da
FTU5	Hundeidvik	55/3	Svein Amund Skoheim	P27 (etter 1.gongs høyring)	2 daa
NÆRING					
NÆ1	Velledalen	28/1	Karn Lade	P7	3 da
NAUST					
NA8	Erstad	37/3	Solgun Welle og Ole Johnny Myrseth	P26	0,4 da
RORBU					
RO4	Hundeidvik	54/fleire	Ose AS	P1	4 da
RO5	Riksheim	36/fleire	Jostein Hole	P8	5 da

TURSTI					
TS1	Kyststi		Frivillig gruppe Sykkylven kyststi		
LNF - SPREIDD BUSTAD					
LSB19	Velledalen	31/14	Aina Holmberg	P5	6 da
LNF - SPREIDD NÆRING					
LSN1	Aurdal	11/6	Karianne Ellefsen Skotte	P21	19 da
LSN3	Blindheim	18/2 m fl	Odd Kristian Kulseth	P24	56 da
Annen bebyggelse og anlegg					
ABA1	Riksheim	36/fleire	Jostein Hole	P8	0,8 da
Parkering					
P1	Litlevatnet	69/1	Jostein Eldar Løseth	P29 (etter 1.gongs høyring)	0,9 da

Det kom fleire innspel om gang- og sykkelveg gjennom Velledalen. Sykkylven kommune har godkjennig som Trafikktrygg kommune, og meiner det er heilt i tråd med trafikktryggingsarbeidet at forslaga vert tatt inn i plan. For eksisterande busetting og potensiell ny busetting er utbetring av trafikktryggleiken i Velledalen viktig.


Tiltak langs fylkesveg er avengig av vegeigar sine prioriteringar. Ved å ta forslaget inn i plan ynskjer Sykkylven kommune å signalisere eit behov og påvirke vegeigar sine framtidige prioriteringar. Tiltaket er eit langsigkt mål, med rom for delt tiltak alt etter moglegheiter.

Spreidt utbygging er eit av fortrinna Sykkylven kan ha for å vere ein attraktiv bukommune, med tilbod for ulike interesser.

Tre innspel ved planoppstart ligg utanfor planområdet og er ikkje vurdert:

- To forslag knytt til industriareal Jarnes.
- Bakkeplanering Haugset

Bustadområde

<p>B1 Velledalen (tidligere omtalt som BU1)</p>	<p>Gnr/bnr.: 28/1 Gjeldande planstatus: LNF Nytt formål: Bustad</p> <p>Areal: 2 da Dagens areal bruk: skog, beite/myr</p>	
Oversiktskart:	Foto:	
		
Detalj:	Gjeldande plan: LNF	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Ikkje registrert konflikter.	
Vassmiljø	Ikkje registrert konflikt	
Kulturminne/-miljø/landskap	<p>Ingen registrerte kulturminne i området. For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess.</p> <p>Del av større kulturlandskapsområde i Velledalen, jfr.</p>	

	kjerneområde landbruk kartlagt 2008. Plassering mellom eksisterande busetting vert vurdert som ikkje vesentleg inngrep i kulturlandskapet.	
Jordressursar	Ca 1,8 da er registrert som innmarksbeite og dyrkbar jord. Konsekvens for landbruk er vurdert til moderat negativ.	
Skogressursar	Berører 0,2 da skog. Attgroing av utmarksbeite kan auke skogarealet.	
Lausmassar og mineralske ressursar	Ikkje registrerte ressursar i området.	
Forureining og støy	Arealet ligg innanfor gul støysone langs Fv60. Støydempande tiltak må utgreiast ved evt. utbygging.	
Samfunnstryggleik	Området er kartlagt for skredfare (NVE-rapport 34/2015) Arealet ligg innanfor faresona 1/1000. Dimensjonerende skredtype er snøskred. Ved evt utbygging må førebyggande tiltak dokumenterast.	
Klimagassutslepp	Vurdert til små konsekvens, jfr klimgassbereking. 8 t CO2 ekvivalenter i løpet av 20 år.	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Ligg i område med spreidt busetting. Arealet ligg mellom to bebygde bustadeigedomar. Ved utbygging i spreidt område, vert nærelik til anna busetting vurdert som positivt.	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: ? Verdi: Ubetydeleg Utbygging har ingen vesentleg verknad for friluftsliv	
Teknisk infrastruktur ink drikkevatn	Ved off veg. Privat vatn og kloakk.	
Sosial infrastruktur	Over 3 km langs hovudveg til skule b/h kulturhus, idrettsanlegg. Over 4 km langs mindre trafikkert lokalveg. 2-3 km til nærbutikk. Ikkje gang og sykkelveg langs nokon av vegane.	
Folkehelse og trafikktryggleik	Ingen utbygde gang- og sykkelvegar i området. Fartsgrensa er nyleg sett ned til 60 på hovudvegen. Nærleik til natur, men elles avhengig av biltransport til skule, bh, butikk, grendahus oa aktivitetar. Auka nabolag kan vere ein positiv effekt.	
Nærmiljø - Barn og unge	Ikkje registrert bruk av området som vil skape konflikt.	

Samla vurdering:

Styrka busetting i området som ikkje går ut over jordvern vert vurdert som positivt.

Fleire element trekker i negativ retning. Særleg kartlagt rasfare er utfordrande. Detaljvurdering må gjerast i samband med detaljplanlegging.

Avkørsle til fylkesveg må klarerast. Det er nedsett fartsgrense på Fv60.

Støyomsyn må vurderast i detaljplan. .


Konklusjon:

Området fekk motsegn ved 1. gongs offentleg ettersyn. NU vedtok i møte 15.11.2023 å halde på området videre, men at grunneigar vart gjort kjent med konsekvensane, som krav til reguleringsplan, skredfare/tryggingstiltak, krav om samordna avkørsle/tilkomst til område så grunneigar kan vurdere om dei

vil halde på innspelet sitt.

Karn Lade gav 08.08.2024 tilbakemelding om at dei ønskja å halde på området som byggeområde i kommuneplanen.

Området vert tatt inn i plan. Nemnde utfordringar må løysast gjennom detaljplan.

B2 Velledalen (tidlegare omtalt som BU2)		Gnr/bnr.: 32/15 Areal: ca 11 da Gjeldande planstatus: LNF Dagens arealbruk: Fulldyrka jord Nytt formål: Bustad																					
Oversiktskart:		Foto:																					
																							
Detalj:		Gjeldande plan: LNF																					
		<table border="1"> <thead> <tr> <th>Tema</th> <th>Vurdering</th> <th>Konsekvens</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Naturmangfold/BM</td> <td>Ikkje registrert konflikt</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Vassmiljø</td> <td>Ikkje registrert konflikt</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Kulturminne/-miljø/landskap</td> <td>For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess. Del av større kulturlandskapsområde i Velledalen, jfr. kjerneområde landbruk kartlagt 2008. Plassering mellom eksisterande busetting vert vurdert som ikkje vesentleg inngrep i kulturlandskapet.</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Jordressursar</td> <td>Fulldyrka jord. Vurdert som stor negativ konsekvens for landbruket.</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Skogressursar</td> <td>Omfattar ikkje skogareal.</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Lausmassar og mineralske ressursar</td> <td>NGU-Grusdatabasen Innanfor område Brunstad. NGU vurderer området til å vere av liten betydning . Store uttak</td> <td></td> </tr> </tbody> </table>	Tema	Vurdering	Konsekvens	Naturmangfold/BM	Ikkje registrert konflikt		Vassmiljø	Ikkje registrert konflikt		Kulturminne/-miljø/landskap	For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess. Del av større kulturlandskapsområde i Velledalen, jfr. kjerneområde landbruk kartlagt 2008. Plassering mellom eksisterande busetting vert vurdert som ikkje vesentleg inngrep i kulturlandskapet.		Jordressursar	Fulldyrka jord. Vurdert som stor negativ konsekvens for landbruket.		Skogressursar	Omfattar ikkje skogareal.		Lausmassar og mineralske ressursar	NGU-Grusdatabasen Innanfor område Brunstad. NGU vurderer området til å vere av liten betydning . Store uttak	
Tema	Vurdering	Konsekvens																					
Naturmangfold/BM	Ikkje registrert konflikt																						
Vassmiljø	Ikkje registrert konflikt																						
Kulturminne/-miljø/landskap	For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess. Del av større kulturlandskapsområde i Velledalen, jfr. kjerneområde landbruk kartlagt 2008. Plassering mellom eksisterande busetting vert vurdert som ikkje vesentleg inngrep i kulturlandskapet.																						
Jordressursar	Fulldyrka jord. Vurdert som stor negativ konsekvens for landbruket.																						
Skogressursar	Omfattar ikkje skogareal.																						
Lausmassar og mineralske ressursar	NGU-Grusdatabasen Innanfor område Brunstad. NGU vurderer området til å vere av liten betydning . Store uttak																						

	lite sannsynleg på grunn av konflikt med jordbruk og bebyggelse.	
Forureining og støy	Ikkje registrert foruring. Utanfor kartlagt støysoner.	
Samfunnstryggleik	Eitt aav få områder i Velledalen som er utanfor alle aktsemessoner for fare og kartlagt skredfare.	
Klimagassutslepp	Dyrka jord. Middelsklimakonesekvens	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Område i Velledalen med fleire einebustadar samla. Ikkje regulert felt og ingen tettstad, men noko tettare utbygd den vanleg i Velledalen som i hovudsak er prega av landbruksbebyggelse. Middels til høgt transportbehov.	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: ? Verdi: Ubetydeleg Utbygging har ingen vesentleg verknad for friluftsliv	
Teknisk infrastruktur inkl drikkevatn	Nær off veg. Utbygt privat vatn og avløp i området.	
Sosial infrastruktur	Nær Ca 1,5 km til skule/bh/kultur/idrett/. Ikkje trafikktrygg veg. Ca 200 m til lokalbutikk.	
Folkehelse og trafikktryggleik	Ikkje utbygt gang- og sykkelvegnett i området. Nær attraktive turområde.	
Nærmiljø - Barn og unge	Utbygging vil verken styrke eller svekke barn og unge sine interesser i vesentleg grad.	
Samla vurdering: Ut frå skjerpa krav til jordvern frå staten, kommunestyret sin nyleg vedtekne arealstrategi (samfunnsplan 2023), forslag til jordvernstrategi som eit samla NU vedtok å legge til høyring, samt politiske signal frå NU, er dette ei sak det jordvernet må vektast tyngst. Det spelar også inn at det er tilgjengleg bustadareal i nærleiken, dels ferdig regulert bustadareal og dels område for spreidd utbygging.		
Konklusjon: Området vert ikkje tatt inn i plan i denne omgang.		

B3 Hundeidvik (tidligere omtalt som BU3)	Gnr/bnr.: 54/1 Areal: CA 26 da Gjeldande planstatus: LNF Dagens arealbruk: gras, til dels uteav drift Nytt formål: Bustad	
Oversiktskart:	Foto:	
Detalj:	Gjeldande plan:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfald/BM	Ikkje registrerte konflikter.	
Vassmiljø	Bekk, Raudåa, renn gjennom området. Ikkje registrerte verneverdiar, utover det ein må anta er generelt positivt for biologisk mangfald med eit ope bekkeløp.	
Kulturminne/-miljø/landskap	Ikkje registrerte kulturminner i området. Fragmentert utbygging over lang tid. For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess.	
Jordressursar	Moderat negative konsekvensar for landbruket. Fragmenterte små areal	
Skogressursar	Mindre delar av arelet er skog.	
Lausmassar og mineralske ressursar	Utanfor registrerte grusavsetningar i Hundeidvik	
Forureining og støy	Delar av området innanfor gul støysone langs Fv5914	
Samfunnstryggleik	Aksemdsområde for flaum langs Raudåa dekker deler av området. Store delar av området ligg innanfor «aktsomhet	

	kvikkleireskred»	
Klimagassutslepp	Ca ¼skog. Samla sett vurdert som middels negativ konsekvens. 428,4 t CO2 ekvivalenter i løpet av 20 år.	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Sentralt plassert i Hundeidvik. Gangavstand til skule, samfunnshus, idrettsanlegg, klatrehall, butikk, langs gang og sykkelveg.	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: ? Verdi: Ubetydeleg Utbygging har ingen vesentleg verknad for friluftsliv	
Teknisk infrastruktur inkl drikkevatn	Utbygt privat vann og avløp i området.	
Sosial infrastruktur	Under 2 km til skule, grendahus, idrettshall, mm.	
Folkehelse og trafikktryggleik	Området vest for fylkesvegen har gangveg til aktivitets og friluftsområde og idrettsanlegg ved skule/grendahus langs fylkesvegen. For området på austsida av fylkesvegen må ein krysse vegen for å komme til trygg gangforbindelse for mjuke trafikantar	
Nærmiljø - Barn og unge	Ikkje registrert konflikt	

Samla vurdering:

Forslaget omfattar fleire delområde mellom eksistrande bebyggelse. Dyrkjord utgjerd ca 13 da. Arealer er sterkt fragmentert, sjå kartsnitt under. Det øverste arealet, ca 3 da dyrkjord, ligg på same flate som tilstøytande landbruksareal, og vert vurdert til ikkje å ta inn i plan. Her ligg det til rette for samla drift på tvers av eigedomsgrenser.

Resterande areal er fragmentert i ei slik grad at ein vurderer ulempene som akseptable, opp mot fordelane med godt tilrette

Området ligg svært sentralt i Hundeidvik med gang/sykkelveg til butikk, skule, idrettsanlegg, klatrepark, mm. Teknisk infrastruktur er i stor grad tilstades, og tomtene vil kunne realiserast enklare enn mange andre areal i krinsen.

Tilsynelatande er det godt med bustadareal i Hundeidvik. Imidlertid viser erfaringar at store delar er svært vanskeleg utbyggbare grunna bratt terreng og høge grunninvesteringar. Dette gjeld til dømes resterande areal i kommunalt felt og privat areal i forlenging av dette.

Ved regulering av området må ein sikre at området i aust får trygg gangforbindelse til skule og idrettshall. Ein må vere budd på å ta med areal for å sikre gang-sykkelveg frå området og fram til skulen ved regulering. Dette er eit kompanserande tiltak for trafikktryggleik.



Konklusjon:

Delar av området, ca 21 da totalt, herav ca 10 da dyrkjord, vert tatt inn i plan som nytt byggeområde.


B4 Ramstaddal (tidligere BU4)		Gnr/bnr.: 65/1 Areal: ca 2 da Gjeldande planstatus: LNF-spreidd busetting Dagens arealbruk: Skog/dyrka jord Nytt formål: Bustad
Oversiktskart:		Foto:
		
Detalj:		Gjeldande plan: LNF-spreidd busetting
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Ikkje registrerte verdiar i området	
Vassmiljø	Ingen vassførekomstar i eller nær området	
Kulturminne/-miljø/landskap	Ikkje registrerte kulturminne i området. Innanfor kulturlandskapsområde registrert i Kjerneområde landbruk. Vurdert å ikkje ha vesentleg negativ påverknad. For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess	
Jordressursar	Landbruksfagleg vurdert til å ha stor til moderat negativ konsekvens for landbruket.	Rødt
Skogressursar	Omfattar eit mindre skogareal. Vurdert som ingen negativ effekt.	
Lausmassar og mineralske ressursar	Ikkje registrerte ressursar i området.	

Forureining og støy	Ikkje registrert forureing eller støysizeproblematiske.	
Samfunnstryggleik	Utanfor kartlagte fare- og aktsemdssoner, jfr. NVE/NGI Snø- og steinskred – aksomhetsområder..	
Klimagassutslepp	Ca 1/3 skog. Vurdertilmiddels negativ konsekvens	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Spredtbygt område.	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: ? Verdi: Ubetydelig Utbygging har ingen vesentleg verknad for friluftsliv	
Teknisk infrastruktur ink drikkevatn	Kommunal vassforsyning. Privat avløp.	
Sosial infrastruktur	>4 km til skule, bh, mm. >2 km til nærbutikk.	
Folkehelse	Ingen vesentleg påverknad på folkehelse. Ikkje utbygt gang og sykkelvegar i området.	
Nærmiljø - Barn og unge	Ingen vesentleg verknad for barn og unge sine interesser.	
Samla vurdering: Området ligg innanfor ei stor sone for LNF-spreidd busetting i Ramstadal. Pga jordvern-omsyn fell arealet utanfor kriteria for denne sona. Området vert derfor vurdert i kommuneplansamanhang. Arealet ligg delvis i skog delvis på dyrkjord. Landbruksfagleg vurdering peikar på at vegtilkomst er ei utfordring. Arealet er søkt trekt til utkant av dyrkjord, og dels inn på skogsmark. Sjølv med tilrettelegging for spreidd buseting i Ramstaddal viser det seg å vere vanskeleg å unngå negative følgjer. I dette tilfellet vert konsekvensen vurdert som akseptabel, opp mot ønske om ny busetting i dalen.		
Konklusjon: Arealet fekk motsegn ved 1. gongs offentleg ettersyn knytt til landbruksinteresser. Vart i NU møte 15.11.2023 einstemmig vedteke å ta ut av planforslaget.		


Fritids- og turistformål

FTU1 Aurdal	Gnr/bnr.: 11/6 Areal: ca 9 da Gjeldande planstatus: LNF Dagens arealbruk: Skog Nytt formål: Fritids- og turistformål	
Oversiktskart:	Foto:	
		
Detalj:	Gjeldande plan:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Ikkje registrerte konflikter	
Vassmiljø	Ikkje registrerte konflikter	
Kulturminne/-miljø/landskap	Ikkje registreringar innanfor området. Nær Aurdalssetra. Utbygging må ta hensyn til setra For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess	
Jordressursar	Skog. Ikkje kartlagt som dyrkbar jord. Moderat negative konsekvensar for landbruket.	
Skogressursar	Klassifisert som produktiv skog.	
Lausmassar og mineralske ressursar	Ikkje registrerte forekomstar	
Forureining og støy	Ikkje registrerte	
Samfunnstryggleik	Utanfor fare- og aktsemndssoner	
Klimagassutslepp	Skog vurdert til negativ konsekvens 304 t CO2 ekvivalenter i løpet av 20 år.	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Ikkje relevant for formålet	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: Andre friluftsområder. Verdi: Noe Ligg i nærleiken til Aurdalssetra. Kan vere eit mål for friluftsliv. Etablering av utleihytter kan vere positivt for videre bruk av området til	

Teknisk infrastruktur inkl drikkevatn	Separate private løysingar må etablerast	
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant for formålet	
Folkehelse	Ikkje relevant for formålet	
Nærmiljø - Barn og unge	Ikkje registrerte konflikter	
Samla vurdering:		
Tiltenkt tilleggsnæringsvirksomhet til gardsbruk. Utvikling av reiseliv er eit sentralt element i næringsarbeidet i kommunen. Tiltaket er i tråd med nyleg utarbeida reselivsplan. Tilpassing til stølsmiljø må gjerast gjennom detaljplan.		
Konklusjon:		
Området vert foreslått tatt inn i plan.		

FTU2 Aurdal	Gnr/bnr.: 11/3 Areal: ca 10 da Gjeldande planstatus: LNF Dagens arealbruk: Skog Nytt formål: Fritids- og turisføremål	
Oversiktskart:	Foto:	
		
Detalj:	Gjeldande plan:	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Ikkje konflikt med registrerte verdiar.	
Vassmiljø	Ikkje konflikt med registrerte verdiar.	
Kulturminne/-miljø/landskap	Ikkje konflikt med registrerte verdiar. For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess	
Jordressursar	Få negative konsekvensar for landbruket	
Skogressursar	Produktiv skogsareal. Lite areal.	
Lausmassar og mineralske ressursar	Ikkje registrerte ressursar (NGU)	
Forureining og støy	Ingen kjende problemstillingar. Vil heller ikkje føre til vesentleg forureining eller støy.	
Samfunnstryggleik	I hovudsak utanfor kartlagte fare- eller aktsemndssoner. Ein mindre del av nedre området innanfor aktsemndssone snø og	

	steinskred. Må vurderast ved detaljplanlegging.	
Klimagassutslepp	Skog. Vurdert som negativ klimakonsekven 439 t CO2 ekvivalenter i løpet av 20 år.	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Ikkje relevant for formålet	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: Andre friluftsområde Verdi: Nøe Ikkje registrerte konfliktområde.	
Teknisk infrastruktur inkl drikkevatn	Separt løysing må etablerast.	
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant for formålet	
Folkehelse	Ikkje relevant for formålet	
Nærmiljø - Barn og unge	Ikkje registrerte konfliktområde.	
Samla vurdering:		
Tiltenkt tilleggsnæring til gardsbruk. Utvikling av reiseliv er eit sentralt element i næringsarbeidet i kommunen. Tiltaket er i tråd med nyleg utarbeida reselivsplan. Areala er lagt utom myr. Planlagt konsept er enkle, moderne hytter med minimalt fotavtrykk.		
Konklusjon:		
Forslaget vert tatt inn i plan.		

FTU3 Hundeidvik (tidlegare FT3)	Gnr/bnr.: 51/38 mfl. Areal: ca 3 da Gjeldande planstatus: Naust spreidd Dagens arealbruk: Naust/strand Nytt formål: Fritids- og turistformål	
Oversiktskart:	Foto:	
		
Detaljplan:	Gjeldande plan:	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Ikkje registrerte konfliktområde.	
Vassmiljø	Ikkje registrerte konfliktområde.	
Kulturminne/-miljø/landskap	Ikkje registrerte konfliktområde. For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess	
Jordressursar	Ikkje relevant	
Skogressursar	Ikkje relevant	
Lausmassar og mineralske ressursar	Ikkje konflikt med registrerte forekomstar	
Forureining og støy	Ved lokalveg, liten trafikk. Ikkje andre støytilhøve registrert. Vil ikkje generere støy eller anna forureinig	

	utover avløp som må søkast separat ved utbygging.	
Samfunnstryggleik	Området ligg i aktseområde for kvikkleire. Reel fare må vurderast	
Klimagassutslepp	Om lag halvparten skog. Vurdert som middels negativ konsekvens. 86 t CO2 ekvivalenter i løpet av 20 år.	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Ikkje relevant for formålet	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag. Verdi: Noe Strandsone, delvis eksisterande nustbebyggelse. men ikkje registrert spesiell bruk. Utbygging føreset ivaretaking av ferdsselsretten langs sjøen.	
Teknisk infrastruktur inkl drikkevatn	Private løysingar må etablerast. Nær privat vassforsyning.	
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant for formålet	
Folkehelse	Ikkje relevant for formålet	
Nærmiljø - Barn og unge	Ikkje registrert konflikt. Utbygging føreset fri ferdsel i fjøra.	

Samla vurdering:

Området er ein del av eit større område avsett til spreidd naustbygging. Det ligg eitt naust i området, og er frådelt fire nausttomter som ikkje er bebygt.



Planlagt utbygging er retta mot reiseliv, eit satsingområde i kommunen, i tråd med nyleg vedteken samfunnsplan, nyleg vedtatt Masterplan reiseliv og pågåande omstillingsarbeid.

Det vart i september 2024 sendt eit brev til Statsforvaltaren med oppmoding om å trekke motsegn på FTU3. Kommunen viser til dette brevet for meir utfyllande vurdering til området.

Konklusjon:


Området fekk motsegn ved 1. gongs offentleg ettersyn med bakgrunn i utbyggingspress i strandsona i Hundeidvik. Ålmenne interesser for opphold og bruk av området.

På NU-møtet 15.11.2023 vart det samråystes vedtatt å behalde området til fritid- og turistformål kommunedelplanen.

FTU 4 Aktivitetspark Hundeidvik	Gnr/bnr.: 54/7, 54/20, 54/1, 54/16, 54/18, 54/15, 54/15/1, 54/120 Areal: ca 230 daa Gjeldande planstatus: LNF Dagens arealbruk: Aktivitetspark og skogområde Nytt formål: Fritids- og turistformål (fornøyelsespark/temapark)	
Oversiktskart:	Foto:	
		
Detalj:	Gjeldande plan:	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Det er ingen registreringar innanfor området i kjende databaser rundt naturmangfold eller arter. Å ta i bruk området til ønskja formål kan ha negative konsekvensar for natur og naturmangfold. Uklart i kva grad. Ein må gjennomføre kartleggingar i reguleringsplanprosessen.	Moderat negativ konsekvens
Vassmiljø	Bekken Raudåa renn nord for planområdet. Formålgrensa er lagt eit stykke frå denne. Det vurderast at tiltaket ikkje har negativ påverknad på vassmiljø.	
Kulturminne/-miljø/landskap	Ingår registrerte kulturminne innanfor området. For områder som ikkje har automatisk	

	registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess	
Jordressursar	Store negative konsekvensar for landbruket. Ei omdisponering vil vere i strid med lokale jordvernstrategi og statlege føringar. På økokoat er store delar av arealet registrert som lettbruk, noko som tilsei at området er godt eigna til oppdyrkning. Fagleiar landbruk rår ifrå å omdisponere eit så stort areal til fritids- og turistføremål (temapark). (sjå landbruksfagleg vurdering av innspel for nye byggeområder for utfyllande vurdering)	Red
Skogressursar	Delar av området er registrert med produktiv skog. Områder med produktiv skog er registrert som «skog sær høy bonitet» og «skog høy bonitet».	Orange
Lausmassar og mineralske ressursar	Ikkje registrerte førekomstar	Yellow
Forureining og støy	Støysoner frå fylkesvegen når ikkje til området. Tiltaket vil generere aktivitet til området, men denne eventuelle støyen vert vurdert til ikkje vere negativ for omgjevnadane	Yellow
Samfunnstryggleik	Området ligg innanfor aksemkart for snøskred og jord- og flaumskred. Utgreiing av reel fare må gjerast i reguleringsplan. Området ligg over marin grense. Området ligg utanfor aktsemdområde flaum frå Raudåa.	Red
Klimagassutslepp	Ca halvparten skog, vurderast til å ha stor klimakonsekvens. 3749 t CO2 ekvivalenter i løpet av 20 år.	Red
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Eit auka utvikling av området til temapark vil generere tilreisande, mykje med bil til området då bussforbindelse med Aure sentrum er därleg. Ligg nær fylkesveg så har god tilgjenge til busstopp. Området ligg nær Hundeidvik fergekai der det kan komme besökande gåande frå Sunde og Festøya.	Yellow
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: Næruterrenge Verdi: Middels Det er dei seinare åra opparbeida ein turveg gjennom området som forbinder skule/stadionområdet andre opparbeida skogsvegar både austover og sørover. Det er eit område som ligg i nær tilknytting til Sykylven privatskule.	Orange
Teknisk infrastruktur inkl drikkevatn	Vatnet er lagt fram til området frå Hundeidvik vassverk	Yellow
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant vurderingstema	
Folkehelse	Bruk innanfor området i dag legg opp til fysisk aktivitet (klatreparken, sykelløype) og andre typer aktivitet (minigolf) som vurderast å vere positivt for folkehelsa. Det vil vere liknande	Green

	aktivitetar det resterande området skal nyttast til.	
Nærmiljø - Barn og unge	Aktiviteten som er på området i dag og kan bli i framtida, vurderast til å vere svært positivt for barn og unge. Med variert og spennende aktiviteter.	
Samla vurdering:		
<p>Området rundt Hundeidvik privatskule og fotballbana har vore gjennom ein gradvis utbygging med forskjellige aktivitetar. Klatrepark, sykkelbane, minigolf med meir. Utbygginga har i stor grad hittil vore løyst med dispensasjonar. Initiativtakarane ønskjer no å få sikra areal for framtidig utviding av aktivitetsparken og få regulert området gjennom ein detaljregulering. Avgrensinga satt i planen er i stor grad som foreslått frå forslagsstilla, men er tilpassa noko for å ligge utanfor registrerte myrområder. Avsetting til fritids- og turistformål er vurdert til å ha store negative konsekvensar for landbruket. Fagleiar landbruk rår ifrå å sette av eit så stort areal.</p> <p>Kommunen vurdera at det i området er behov for å sette at eit areal til utvikling av den positive aktiviteten som er i dette området i Hundeidvik. Initiativtakarane har fleire planar utover det som er tatt i bruk i dag. Dette må vegast opp mot dei landbruksmessige konsekvensane og konsekvensar for naturen. Ifølge forslagsstilla kan det vere rom for å redusere arealet noko i nord-aust og i sør-aust, men då har dei mindre spelrom til meir arealkrevjande aktivitetar, som for eksempel stisykling/downhill som er ein del av Masterplan sykkel/reiseliv.</p> <p>På reguleringsplannivå vil det vere naturleg at dette blir eit område for fornøyelsespark/temapark som er eit underformål til Fritids- og turistformål. Men det må ein komme tilbake til i reguleringsarbeidet.</p>		
Konklusjon:		
Området vert tatt inn i planen som som framtidig fritids- og turistformål. (NU-møte 28.01.2025)		

FTU 5 Utleiehytter Pålpllassen, sør for Hundeidvik fergekai	Gnr/bnr.: 55/3 Areal: ca 2 daa Gjeldande planstatus: Naust og LNF Dagens arealbruk: strandsone og delvis grusa område for landbruksutstyr. Nytt formål: Fritids- og turistformål (utleiehytter)	
Oversiktskart:	Foto:	
		
Detalj:	Gjeldande plan:	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Det er ingen registreringar innanfor området i kjende databaser rundt naturmangfold eller arter.	
Vassmiljø	Det renn ein bekk ut i sjø som kjem ifrå Megardsdalsvegen rett nord frå området. Området blir liggande nær denne bekken. Det kan vere avgrensa kva kantvegetasjon ein kan oppretthalde her om tilkomstveg blir ført ned langs bekken.	
Kulturminne/-miljø/landskap	3 av dei eksisterande nausta inn mot området er sefrakregisterert (eldre enn 1850). Det er elles ikkje registrert noko kulturminne i området. Ei evt utbygging til fritid- og turistformål må	

	omsynta eksisteranda naustmiljø.	
Jordressursar	Moderat negativ konsekvens: Området røyver ikkje ved dyrka jord. Arealet er i hovudsak registrert som anna markslag. Ca. 100 m ² er registrert som dyrkbar jord. Utleigehytter kan føre til driftsmessige ulemper for landbruket i området. Kommunen bør vise varsemd med å etablere landbruksframand verksemd i kjerneområde landbruk – viktig produksjonsareal.	Orange
Skogressursar	Uproduktiv skog. Vurdert til ikkje ha særleg negative konsekvensar for skogressursar.	Yellow
Lausmassar og mineralske ressursar	Ikkje registrerte førekommstar	Yellow
Forureining og støy	Tiltaket vurderast til ikkje å vere utsett eller sjølv generer støy. Utleigehytter må få på plass godkjente løysingar i høve avløp.	Yellow
Samfunnstryggleik	Under marin grense, oppskyllingssone frå fjellskred Åknes , havnivåstigning og stormflo, flaum. Dimensjonerande kotehøgde for S2 stormflo er 2,7 meter. Kan moglegens plassere bygg på trygg kotehøgde. Området ligg i aksemdområde for kvikkleire, flaum og erosjonsfare frå nærliggande bekk (maksimal vasstandsstigning 2 meter). Avbøtande tiltak og/eller nærmere dokumentasjon må dokumenterast i detaljregulering.	Red
Klimagassutslepp	Tiltaket blir vurdert å ha liten konsekvens for klimagassutslepp	Yellow
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Hovudsakleg bilbasert tilgjenge til området. Få bussforbindelser med Aure sentrum. Området ligg relativt nær Hundeidvik fergekai der det kan komme besøkande gående frå Sunde og Festøya.	Yellow
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag. Verdi: Noe Ligg inn mot strandsone i nord som er tatt inn som friområde i kommuneplanen. Det aktuelle området er vurdert til ikkje å vere så aktuell til friluftsliv/ålmnen bruk som strandsona lenger nord slik det er i dag. Det er likevel eit godt tilgjengeleg område med køyreveg til strandsona.	Yellow
Teknisk infrastruktur ink drikkevatn	Tilkomsten til området er med avkjørsel frå fylkesvegen Gjævensevegen. Tilkomsten til området blir vurdert som tilfredstillande utifra omfanget av tiltaket. Det ligg drikkevassledning mindre enn 100 meter frå tiltaket.	Yellow
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant vurderingstema	
Folkehelse	Ikkje relevant vurderingstema	
Nærmiljø - Barn og unge	Området er ikkje registrert brukt av barn og unge, bygging i strandsona vil privatisere området slik at det er mindre aktuelt for barn og unge i ålmenta vil bruke området.	Yellow

Samla vurdering:

Delar av området er i dag avsett til naust. Om ein avsetter området nordover til bekken til fritids og turistformål blir det ei utviding av byggeområdet inn på det som i dag er LNF. Det blir og ein anna bruk av området enn kva som er å forvente ved naustbygging. Det blir meir privatiserande bruk av området nær strandsona med utleiehytter eller liknande. Kommunen har tidlegare i planprosessen vore positiv til eit område for fritid- og turistformål lenger nord langs Kursetstranda (FTU3), med grunnjøving i at det er i tråd med masterplan for reiseliv og at ein ser behovet for overnattingssstader for turisme i Hundeidvik i framtida. FTU3 har fått motsegn frå Statsforvaltaren på grunn av sterkt utbyggingspress langs strandsona i Hundeidvik og at det er bustadområde i bakkant som vil ha glede av tilgang og kunne opphalde seg i strandsona.

Dette området har ein litt anna karakter enn FTU3. Området ligg i ei forlenging av den lett tilgjenglege og meir ålm̄ent attraktive strandlinja sør for Hundeidvik fergekai. Samstundes som ein noko lenger sør støter på sandkaia til Huna sand. Området ligg i eit meir åpnare terren og i avstand til offentleg veg, noko som kan vere positivt med tanke på moglege problemstillingar knytt til trafikkavvikling/parkering inn mot offentleg veg som FTU kan ha. Som ved FTU3 så ligg det bustadhus i nærlieken, men for FTU5 er det meir spredt.



Eit nytt forslag med utleigeområde for hytter i Hundeidvik kan legge til på inntrykket av at det er utbyggingspress i strandsona i Hundeidvik. Sidan ein har fått motsegn frå Statsforvaltaren på FTU3 kan ein tenke seg at ein også vil få dette på FTU5. Å behalde begge kan vere vanskelig å argumentere for videre i planprosessen.

Avbøtande tiltak naturfare: Plassere bygg på trygg kotehøgde eller dimensjonere for å tåle påkjennung

Konklusjon:

Området vert tatt inn i planen som som framtidig fritids- og turistformål. (NU-møte 28.01.2025)

Næring

NÆ1 Velledalen Gnr/bnr.: 28/1 Areal: 2,7 da Gjeldande planstatus: LNF Dagens arealbruk: Fulldyrka Nytt formål: Næring		
Oversiktskart:	Foto: 	
		
Detalj:	Gjeldande plan:  	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Ikkje registrerte konflikter	
Vassmiljø	Ikkje registrerte konflikter	
Kulturminne/-miljø/landskap	<p>Innanfor verdifult kulturlandskap i kartlegginga av kjerneområde landbruk. Del av samanhengende jordbruksområde med lite innslag av landbruksframand verksemrd.</p> <p>For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess</p>	

Jordressursar	Store negative konsekvensar for landbruket, jfr. landbruksfagleg vurdering.	
Skogressursar	Berører ikkje skogressursar	
Lausmassar og mineralske ressursar	Ikkje konflikt med kartlagte verdifulle ressursar	
Forureining og støy	Dels innanfor støværslingssone langs Fv60. Ikkje vurdert som vesentleg moment grunna planformål næring.	
		
Samfunnstryggleik	Innanfor tre aksemessoner, jfr NVE: Skred Jord Flom, Skred Snø Stein og Skred Snø. Ligg utanfor kartlagde faresoner for skred av NVE i 2015. Skredfare vurderast til ikkje å vere aktuelt for området	
Klimagassutslepp	Dyrkjord. Vurdert til middelsklimakonsekvens	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Spreidt bebyggelse/landbruksbebyggelse i området. Ikkje	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: ? Verdi: Ubetydeleg Ikkje registrert bruk/påverknad for friluftsliv.	
Teknisk infrastruktur ink drikkevatn	Privat vassverk dekker område. Privat avløp må etablerast.	
Sosial infrastruktur	Ikkje vurdert som relevant tema.	
Folkehelse	Ingen verknad for folkehelsetilhøve.	
Nærmiljø - Barn og unge	Ikkje registrert konflikt.	

Samla vurdering:

Ei vanskeleg sak. Kommunen skal både legge til rette for næringsutvikling og samtidig følgje opp vesentleg skjerpa krav til jordvern frå stat og fylke.



Ut frå nyleg vedtatt arealstrategi (Samfunnsplan 2023) med auka fokus på jordvern, og landbruksplan med jordvernstrategi som vart samrøystes vedtatt å legge ut til høyring i NU 24.04.23, vert det vanskeleg å argumentere for dette området.

Politiske signal frå NU (24.4.) tilseier at området ikkje vert tatt inn i plan.

Konklusjon:

Området vert ikkje å ta inn i plan.

Andre typer bebyggelse og anlegg

ABA1 Riksheim (tidligere NÆ2/SN2)	Gnr/bnr.: 36/7,29,21 og 61 Areal: ca 0,8 da Gjeldande planstatus: LNF Dagens arealbruk: ca 0,8 daa veggrunn/oppstillingsplass Nytt formål: Andre typer bebyggelse og anlegg (spesifisering lagerbygg)	
Oversiktskart: 	Foto: 	
Detalj:	Gjeldande plan:	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Ikkje registrert konflikt	
Vassmiljø	Ikkje registrert konflikt	
Kulturminne/-miljø/landskap	<p>Dels innanfor kjerneområde landbruk, viktig produksjonsareal, dels veggrunn/oppstillingsplass.</p> <p>Det er registrert kulturminne i området, i det som i dag er veggrunn. Utdrag frå <i>Registert kulturminne i området lokaliteten ligg på en dyrket mark, ved kanten av en skrent som fører ned til en grusvei, og består av totalt 4 strukturer; 1</i></p>	

	<p><i>kokegrop, 2 tilsynelatende skonede stolpehull samt en nedgravning av ukjent funksjon. Stolpehullene og nedgravningen ligger i sørøstlig ende av lokaliteten, mens kokegropen ligger for seg selv i nordvestlig del.</i></p> <p><i>Samtlige strukturer ble undersøkt/snittet ved registrering, og dokumentert med tegning, foto og digital innmåling.</i></p> <p>Lite areal, i utkant av dyrkajor, tett opp til anna næringsbygg og nauistbygg gjer at ein vurderer verknaden til middels. Kulturminna var lokalisert i det som i dag er veggrunn.</p>	
Jordressursar	Landbruksfagleg vurderig: Moderat negative konsekvensar for landbruket. Sjå meir utgreiing i «Landbruksfaglege vurderingar av innspel til nye byggeområde».	
Skogressursar	Berører ikkje skogressursar	
Lausmassar og mineralske ressursar	Utanfor registrerte lausmasseressursar.	
Forureining og støy	Ikkje støyutsett. Vedproduksjon kan generere støy for nærliggande rorbumiljø.	
Samfunnstryggleik	Dels innanfor aksemddssone havnivåstigning og stormflo. Potensiell flodbølgefare Åknes. Området ligg i aktsemdområde for kvikkleireskred.	
Klimagassutslepp	Utanfor dyrkjord og skog. Vurderast til å lite negativ klimakonsekvens.	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Spreidd utbygt område.	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag. Verdi: Noe Ikkje registrert bruk/påverknad for friluftsliv. Viktig at tiltaket ikkje hindrar tilgang til strandsona nedanfor.	
Teknisk infrastruktur inkl drikkevatn	Private løysing tilgjengeleg.	
Sosial infrastruktur	Ikkje vurdert som relevant for planformålet	
Folkehelse	Nær naust, potensielt rorbuområde. Potensielle konflikter kan tenkast, men er ikkje vurdert som stor fare.	
Nærmiljø - Barn og unge	Ikkje kjene registreringar	
Samla vurdering:		
Tiltakshavar har behov for eit lagerbygg i samband med vedproduksjon/lagring. Størrelse 100 m ² . Kommunen ønskjer å sette av området til dette i kommuneplanen og ikkje næring som det tidlegare er spesifisert til. Kommunen ser at det er uheldig å legge opp til næringsformål i kommuneplanen som over tid kan utvikle seg utanfor rammene som opphavleg låg til grunn frå kommunen si side. Området er redusert og trekt ut av dyrka mark. Området som no er avsett er i dag vegareal og oppstillingsplass. Dei landbruksfaglege konsekvensane er vurdert til å vere redusert frå store negative konsekvensar til moderat negative konsekvensar.		
Landbruksjefen etterspør at det bør defineraast meir detaljert i føresegndene kva som er tillat i planforslaget. Det er tatt inn i føresegndene § 2.7 at området kan nyttast til lagerbygg på inntil 100 m ² BRA og at lagerbygget ikkje skal hindre ålmenta sin tilgang til strandsona.		
Konklusjon:		
Arealet vert redusert frå opphavleg forslag og lagt son andre typer bebyggelse og anlegg med spesifisering lagerbygg. Når tilliggjande rorbuområde skal detaljregulerast må også dette området inkluderast i planområdet. Arealet blir vidareført i planforslaget.		

Naust

NA8 Naust Erstad (tidligere omtalt som NA1)	Gnr/bnr.: 37/3 Areal: ca 0,4 da Gjeldande planstatus: LNF Dagens arealbruk: strandsone, dels eksisterande naust. Nytt formål: Naust	
Oversiktskart:	Foto:	
Detalj:	Gjeldande plan:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Ikkje registrert konflikt	
Vassmiljø	Ikkje registrert konflikt	
Kulturminne/-miljø/landskap	Ikkje konflikt. Eksisterande eldre naust er del av kulturlandskapet i området. For områder som ikke har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess	
Jordressursar	Ikkje konflikt med jordbruksverdiar.	
Skogressursar	Berører ikkje skogressursar	
Lausmassar og mineralske ressursar	Utanfor registrerte lausmasseresssursar.	

Forureining og støy	Ikkje støyutsett.	
Samfunnstryggleik	Innanfor aksemessone havnivåstigning og stormflo. Potensiell flodbølgefare Åknes. Området ligg i aktsemdsområde for kvikkkleireskred.	
Klimagassutslepp	Ca halvparten skog. Vurdert som middels klimakonsekvens	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Spreidd utbygt område.	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag. Verdi: Noe Ikkje registrert bruk. Vurderes til ikkje å ha negativ påverknad for friluftsliv.	
Teknisk infrastruktur inkl drikkevatn	Naust. Ikkje relevant.	
Sosial infrastruktur	Ikkje vurdert som relevant for planformålet	
Folkehelse	Ikkje vurdert som relevant for planformålet	
Nærmiljø - Barn og unge	Ikkje kjene registreringar	
Samla vurdering:		
Arealet er lite, i hovudsak knytt til to eksisterande naust med trong for restaurering, samt å gi hove til å handtere ein eksisterande naustrett som ikkje er tatt i bruk. Ein ser det som fordelaktig at naustretten vert plassert saman med eksisterande naust, alle nær eksisterande kai og tifdlegare utbygt fritidsbustad i området.		
Konklusjon:		
Arealet vert foreslått lagt ut som naustområde.		

Rorbu

RO4 Hundeidvik (tidlegare omtalt som RO1)	Gnr/bnr.: Omfattar fleire gbnr. Areal: ca 4 da Gjeldande planstatus: Naust Dagens arealbruk: Naust Nytt formål: Rorbu	
Oversiktskart:	Foto:	
Detalj	Gjeldande plan:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Ingen kjente registreringar	
Vassmiljø	Ikkje kjente konflikter	
Kulturminne/-miljø/landskap	Utbygt naustumråde. Ei gravrøys registrert i området. Dels planert ut i samband med tidlegare naustbygging. Kartavgrensing går	

	inn i eksisterande industribygg. Tilstanden gjer at røysa truleg er å sjå som tapt. For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess	
Jordressursar	Ingen negative konsekvensar	
Skogressursar	Ingen negative konsekvensar	
Lausmassar og mineralske ressursar	Ikkje registrerte forekomstar	
Forureining og støy	Nær lokalvag med lite trafikkbelastning. Grensar til industribygg (møbel o.a.) Potensiell konflikt. Involverte parter er godt kjent med tilhøva.	
Samfunnstryggleik	Begrensa oppskylingsfare frå skred Åknes. Stormflo og pålandsvind utgjer større fare. Området ligg i aktsemdområde for kvikkleire. Tryggleik må dokumenterast i detaljplan.	
Klimagassutslepp	I hovudsak utbygt område. Liten klimakonsekvens 25 t CO2 ekvivalenter i løpet av 20 år.	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Ikkje vurdert som relevant for planformålet.	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag. Verdi: Noe Strandsone. Ligg inn mot næringsområde som hindrer videre passasje. Må likevel vere krav om tilrettelegging for fri ferdsel og opphold.	
Teknisk infrastruktur ink drikkevatn	Privat vassforsyning i området. Separat avløp må søkast.	
Sosial infrastruktur	Ikkje vurdert som relevant for planformålet.	
Folkehelse	Ikkje vurdert som relevant for planformålet.	
Nærmiljø - Barn og unge	Ikkje kjente registreringar	
Samla vurdering: Området er eit eksisterande naustområde der om lag halvparten av frådelte nausttomter er bebygt. Endring til rorbuformål vert vurdert som lite inngripande landskapsmessig og bruksmessig. I samband med reiselivssatsing i Sykkylven er mogleg utelege eit positivt tiltak.		
Konklusjon: Området vert foreslått endra til rorbu.		

RO5 Riksheim (tidlegare omtalt som RO2)	Gnr/bnr.: 36/29,21 og 61 Areal: ca 4,5 da Gjeldande planstatus: LNF og NFFF Dagens arealbruk: Eksisterande Nytt formål: Rorbu	
Oversiktskart:	Foto:	
Detalj:	Gjeldande plan:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Ikkje kjende registreringar	
Vassmiljø	Ikkje kjende registreringar	
Kulturminne/-miljø/landskap	Ikkje registreringar innanfor området. I stor grad utfyldt fjøre truleg i samband med næringsaktivitet. For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkæologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess	
Jordressursar	Landbruksfagleg vurdering: Moderate negative konsekvensar for	

	landbruket. Ca 0,5 da dyrkajord går tapt. Faren for driftsulemper er til stades, men vert vurdert som vesentleg mindre for rorbuer enn t.d. bustadeigedomar.	
Skogressursar	Ikkje relevant	
Lausmassar og mineralske ressursar	Ikkje registrert forekomstar	
Forureining og støy	Ikkje kjente tilhøve . Potensiell konflikt knytt til tilstøytande næringsareal og landbruksdrift. Ikkje vurderet som stor fare	
Samfunnstryggleik	Under marin grense, oppskyllingssone frå fjellskred Åknes , havnivåstigning og stormflo. Området ligg i aktsemdområde for kvikkleire Avbøtande tiltak og/eller nærmere dokumentasjon må dokumentast i detaljregulering.	
Klimagassutslepp	I hovudsak utfyllt og dels utbygt område. Liten klimakonsekvens 5 t CO2 ekvivalenter i løpet av 20 år.	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Ikkje vurdert som relevant	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag. Verdi: Noe Ikkje kjente registreringar. Etablering og opparbeidng av sjøside kan også auke kvaliteten for opphold og aktivitet med lettare tilgang til sjø.	
Teknisk infrastruktur ink drikkevatn	Privat løysing i området.	
Sosial infrastruktur	Ikkje vurdert som relevant	
Folkehelse	Ingen vesentlege påverknadar	
Nærmiljø - Barn og unge	Ikkje registrert særskildt bruk av området	


Samla vurdering:

Området er dels eksisterande naust og dels nytt byggeareal. Standsona er i hovudsak utfyltte massar, truleg dels utført i samband med etablering av eit næringsbygg i området. Endring til rorbuformål vert vurdert som lite inngripande landskapsmessig og bruksmessig. Tiltaket vil kunne gi området eit løft, og bli eit meir attraktivt strandelement enn dagens fylling og næringsbygg. Samla sett vert ulempene vurdert som akseptable. I samband med reiselivssatsing i Sykkylven er mogleg utleige eit positivt tiltak.

Konklusjon:

Området vert foreslått tatt inn i plan.

LNF-spreidd bustad

<p>LSB19 Velledalen (tidligere omtalt som SB19)</p>	<p>Gnr/bnr.: 31/14 Areal: ca 6 da Gjeldande planstatus: LNF Dagens arealbruk: skog Nytt formål: LNF-spreidd busetting</p>	
Oversiktskart:	Foto:	
		
Detalj:	Gjeldande plan: LNF	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Ikkje registrerte konflikter	
Vassmiljø	Ikkje registrerte konfliktar. Utbygging må følgje gjeldande krav til avløp.	
Kulturminne/-miljø/landskap	Ingen registreringar i området. For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess. Innanfor verdifulkt kulturlandskap i kartlegging av Kjerneområde	

	landbruk. Dette gjeld i praksis heile Velledalen.	
Jordressursar	Landbruskfagleg vurdering: Store/moderat negative verknadar for landbruk. Særleg knytt til plasseringa mellom areal i drift og moglegheit for oppdyrkning.	Red
Skogressursar	Registrert som produktiv skog i dag. Lite areal vurdert opp mot samla skogressurs i dalen. Vurdert til liten eller ingen negativ konsekvens.	Yellow
Lausmassar og mineralske ressursar	Ingen registreringar i området	Yellow
Forureining og støy	Ingen registreringar. Liten fare for negative følgjer for omgjevandane ved utbygging	Yellow
Samfunnstryggleik	Innanfor fleire aktsemdsoner for skred og flaumskred SkredJordFlom. Avbøtande tiltak må dokumenterast ved reguleringsplan.	Red
Klimagassutslepp	Område for spreidd utbygging er ikkje vurdert for klimakonsekvens. Arealbruk blir i hovudsak som dagens.	White
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Spreid utbygging	Yellow
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: ? Kvalitet: Ubetydeleg Ikkje opparbeida område, men nær gode turområde.	Yellow
Teknisk infrastruktur inkl drikkevatn	Private løysingar.	Yellow
Sosial infrastruktur	Ca 3km til skule/barnehage/grendahus/idrettsanlegg mm Ca 2 km til butikk. Som anna spreidd busetting i området.	Red
Folkehelse og trafikktryggleik	Lokalveg utan gang/sykkelveg. Bilbasert	Red
Nærmiljø - Barn og unge	Ikkje registrert bruk av området.	Yellow

Samla vurdering:


Område for spreidd busetting som til liks med store delar av kommunen gir utfordringar knytt til trafikktryggleik, bilbruk, avstand til tenestetilbod og aktivitetar. Samstundes må ein sjå kommunen under eitt, der avstandane er korte samanlikna med mange andre distriktskommunar. Å legge til rette for ei viss spreidd utbygging er eit gode som kan bidra til busetting og aktivitet i heile kommunen. Eit variert tomtetilbod er eit av fleire tiltak for auka attraktivitet og busetting.

Konklusjon:

Fekk ikkje motsegn ved 1.gong offentleg ettersyn, men Statsforvaltaren meiner det er uheldig å etablere bustader på dyrkbar jord som kan dyrkast opp for å få større teigar tilpassa moderne landbruk. Området vert foreslått for spreidd busetting med inntil 3 bueiningar.

NU vedtok 15.11.2023 å halde på området som LNF-spreidd busetning, men sett krav om reguleringsplan før bygging/frådeling grunna at området ligg i aktsemdsoner for skred der reel fare må avklarast på siste plannivå. Fareutgreiing kan då utsettast til reguleringsplan og må ikkje avklarast på kommuneplannivå.

LNF-spreidd næring

LSN 1 LNF Spreidd næring Aurdal (Tidligare omtalt som SN1)	Gnr/bnr.: 11/6 Areal: ca 13 da Gjeldande planstatus: LNF Dagens arealbruk: Skog, beite Nytt formål: LNF spreidd næring (Landbruk+)	
Oversiktskart:	Foto:	
		
Detalj:	Gjeldande plan (LNF):	
		
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Ikkje registreringar innafor området	
Vassmiljø	Ikkje registreringar	
Kulturminne/-miljø/landskap	<p>Ingen registrerte kulturminne innanfor området. For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess</p> <p>Innanfor kulturlandskapssona i Kjerneområde landbruk</p>	
Jordressursar	<p>Landbruksfagleg vurdering: Moderat negativ konsekvens for landbruket</p> <p>Tiltaket er retta mot landbruksbasert reiseliv med auka verdskaping på bruket. Planlagte bygg er 3-4 «off-grid» bygg av enkel standard og plassering tilpassa beitebruk. Vurdert som</p>	

	lite konflikt.	
Skogressursar	Ca 3 da produktiv skog Vurdert som liten negativ effekt	
Lausmassar og mineralske ressursar	Ikkje registrerte forekomstar	
Forureining og støy	Ikkje registreringar i området. Tiltaket vil ikkje generere støy. Avløp må søkast separat.	
Samfunnstryggleik	Områda er innanfor aktsemndsone for snøskred, men ligg utanfor den nye sona frå NVE som tar for seg snøskred S2 med skogeffekt. Det vurderast difor at områda ligg utanfor relevante risikosone for snøskred. Det er lagt inn i føresegna § 2.1.2 at: «Skog som har verknad for utbreiing av skredfare skal driftast og forvaltast på ein slik måte at bebyggelse, eksisterande og framtidig, ikkje får auka risiko for skred.»	
Klimagassutslepp	Område for spreidd utbygging er ikkje vurdert for klimakonsekvens. Arealbruk blir i hovudsak som dagens.	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Ikkje relevant vurderingstema	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: Andre friluftsområder Verdi: Ubetydeleg Ikkje registrert bruk av området	
Teknisk infrastruktur ink drikkevatn	Private separate løsyngar må søkast	
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant vurderingstema	
Folkehelse	Ikkje relevant vurderingstema	
Nærmiljø - Barn og unge	Ikkje registrert bruk av området.	
Samla vurdering:		
Næringsstiltak for styrking av gardsbruket. Planlagt enkel utbygging tilpassa terren og beitebruk med minimale inngrep. Nærleik til natur og levande landbruk sentralt element. Positiv satsing i tråd med kommunen si reiselivssatsing.		
Konklusjon:		
Områda er redusert/omforma etter 1. gongs offentleg ettersyn for å halde seg utanfor definierande aktsemndsoner for skred. Dette for å sleppe å legge reguleringskrav på området for spreidd næring, då det evt måtte utgreiaast reel fare på siste plannivå.		
Område vert beholdt/tatt inn i plan som LNF-spreidd næring, med inntil 4 eininger.		

LSN3 LNF Spreidd fritid/næring Blindheim (Tidligere omtalt som SN3)	Gnr/bnr.: 18/2 m fl Areal: ca 56 da Gjeldande planstatus: LNF Dagens arealbruk: Skog, beite Nytt formål: LNF spreidd fritid/næring	
Oversiktskart:	Foto:	
Detalj:	Gjeldande plan:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Ikkje registreringar innafor området	
Vassmiljø	Ikkje registreringar	
Kulturminne/-miljø/landskap	Ingen registrerte kulturminne innanfor området. For områder som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess	
Jordressursar	Utmark/skog. Omfattar tidlegare stølsområde, der brukar ønsker å plassere evt nye stølsbygg/bygg knytt til landbruksdrift.	

	Dyrkbar jord utgjer om lag 36% av arealet.	
Skogressursar	I hovudsak skog av middels bonitet.	
Lausmassar og mineralske ressursar	Ikkje registrerte forekomstar	
Forureining og støy	Ikkje registreringar i området. Tiltaket vil ikkje generere støy.	
Samfunnstryggleik	Innanfor aktsemdsone snøskred. Det er utført fagleg vurdering av snøskredfaren i samband med dispensasjonssak i september 2023. Det er nominelt sannsyn mindre enn 1/1000 for at eigedom kan bli råka av skred og sannsyn mindre enn 1/200 for flaum.	
Klimagassutslepp	Område for spreidd utbygging er ikkje vurdert for klimakonsekvens. Arealbruk blir i hovudsak som dagens.	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Ikkje relevant vurderingstema	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: Andre friluftsområde Verdi: Middels Det går ein sti gjennom området opp til Borgundkollen. Kommunen vurderar at utbygginga som leggast opp til ikkje vil påverke ålmenta sin ferdsel eller oppleving gjennom området.	
Teknisk infrastruktur ink drikkevatn	Ikkje infrastruktur i området. Evt behov må søkast godkjent.	
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant vurderingstema	
Folkehelse	Ikkje relevant vurderingstema	
Nærmiljø - Barn og unge	Ikkje registrert bruk av området.	
Samla vurdering: Næringsstiltak for styrking av landbruksdrifta i området. Vurdert som lite konfliktfylt og ei moglegheit for styrka driftsgrunnlag for bruken som er i drift i området.		
Konklusjon: Statsforvaltaren råda ved 1. gongs offentleg ettersyn å ta ut området som LNF spreidd næring grunna at utbygging her vil punktere eit naturområde, noko som er uheldig både for naturverdiar og friluftsinteresser. Det vart i september 2023 gjeve dispensasjon til å sette opp ei driftsbygning/stølsbu til bruk i landbruket innanfor området. I vedtaket sa nærings- og utviklingsutvalet at dei ser positivt på utvikling av stølsområdet og moglegheiter til tiltak innanfor landbruk pluss. Område vert beholdt videre i plan som LNF-spreidd næring, med inntil 3 einingar.		

Parkeringsplass ved Litlevatnet

P1 Parkeringsplass ved Litlevatnet	Gnr/bnr.: 69/1 Areal: ca 0,9 daa Gjeldande planstatus: LNF-spreidd bustad Dagens arealbruk: Veg (parkering), beite Nytt formål: Parkerering	
Oversiktskart:	Foto:	
Detalj:	Gjeldande plan:	
Tema	Vurdering	Konsekvens
Naturmangfold/BM	Det er registrert alm (sterkt truet) ved området. Om treet (träerne) blir påverka av tiltaket vil dette vere negativt for naturmangfaldet.	Høy risiko
Vassmiljø	Parkeringsplassen blir liggende nær Litlevatnet. Fylkesvegen går mellom vatnet og parkeringsplassen. Det vurderast at tiltaket ikkje har negativ påverknad på vassmiljø.	Lav risiko
Kulturminne/-miljø/landskap	Ingen registrerte kulturminne	Lav risiko

	innanfor området. For områder som ikke har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess	
Jordressursar	Moderat negative konsekvensar for landbruket: Ligg i kjerneområde landbruk – viktige kulturlandskap. Eigedomen er ikke i sjølvstendig drift, men markane er haldne godt i hevd. Etablering av parkeringsplass i dette området vil vere i strid med kommunen sin jordvernstrategi, elmål nr.3. Alternativ plassering bør vurderast.	
Skogressursar	Liten del av område er registrert med skog med særskilt høy bonitet.	
Lausmassar og mineralske ressursar	Ikkje registrerte forekomstar	
Forureining og støy	Ikkje registreringar i området. Tiltaket vil ikkje generere støy.	
Samfunnstryggleik	Innanfor aktsemdsone snøskred, men utanfor nye aktsemdkart frå NVE snøskred S2 med skogeffekt. Det vurderast difor at området er trygt for skred knytt opp mot foreslått arealbruk. Området ligg ved ein trafikkert veg. Ein er avhengig av å få til ei god parkeringsløysing som ikkje auker trafikkfare og kompliserar trafikkbilete for at tiltaket skal byggast.	
Klimagassutslepp	Området er såpass lite at det blir vurdere å ikkje ha konsekvens for klimagassutslepp. 5 t CO ₂ ekvivalenter i løpet av 20 år.	
Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Ikkje relevant vurderingstema	
Friluftsliv, grøntstruktur	Områdetype: Utfartsområde Verdi: Stor Det er fleire brukte stier opp mot fjella i området. Parkeringsplassen vil auke kapasiteten for at fleire kan nytte området til friluftsliv.	
Teknisk infrastruktur ink drikkevatn	Veg fram til området, anna infrastruktur ikkje relevant på noverande tidspunkt	
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant vurderingstema	
Folkehelse	Å tilrettelegge for parkering for at fleire kan nytte dette turområdet blir vurdert som positivt.	
Nærmiljø - Barn og unge	Ikkje registrert bruk av området.	
Samla vurdering:		

Det er i dag eit mindre område på staden som nyttast til parkering av bilar ved ferista. Det er på initiativ frå grunneigarane å auke parkeringskapasiteten for ålmenta slik at fleire kan nytte turstiane i området. I utgangspunktet ønskjer grunneigaren å sette av eit smalare areal til parkering enn kva kommunen foreslår. Slik kommunen vurdera det så må ein ha mogleghet til å kunne realisere ei god og trafikktrygg løysning for parkering om den skal etablerast. Både for dei som skal parkere og andre som køyrer på fylkesvegen. Om ein får til ei god løysing på eit mindre areal enn det som er satt av i plan vil det vere ein fordel for landbruk-/naturinteressene. Ein er her også avhengig av avkøyrselsløyve veglova frå fylkeskommunen og dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag før parkeringsplassen kan bli bygd.

Konklusjon:

Området blir foreslått å tatt inn i planforslaget som framtidig parkeringsplass.

Samla vurdering etter konsekvenstema

Generelt omfattar planen få og små nye byggeareal. Dette avspeglar at områda med størst byggepress i kommunen er omfatta av eigne delplanar; Straumgjerde (2017) sentrum/Ikornnes (2019) og områda kring Nysætervatnet (2014, oppstart rullering 2023). I tillegg er sjøareaala omfatta av ein eigen interkommunal plan for Storfjorden som vert lagt ut til høyring i 2023.

I tillegg til ei planmessig oppdatering er det eit viktig mål å samordne kart og føresegner. Slik vil ein legge grunnlaget for ein samla kommuneplan, med same reglar for heile kommunen.

Sykylven kommune er ein omstillingsskommune. Det vert lagt ned mykje arbeid i ny næringsutvikling, reiselivsarbeid, og auka attraktivitet. Samtidig er det auka fokus på berekraft, jordvern, klimatilpassing og risikohandtering.

Klimakonsekvens er vurdert for alle planendringane. Dette er nyarbeid som vil tilføre kommunen viktig metodekunnskap, og som må inngå som standard analyse ved framtidige planarbeid.

Under er det gjort ei kort oppsummering knytt til tema i konsekvensvurderingane.

Tema	Samla konsekvens
Naturmangfold/BM	Ingen av tiltaka forslått i plan er i konflikt med registrerte viktige naturverdiar. For nokre områder vil det vere naudsynt å krevje naturkartleggingar ved detaljregulering.
Vassmiljø	Ingen av tiltaka forslått i plan er i konflikt med registrerte viktige verdiar knytt til vassmiljø. Byggetiltak må gjennom detaljplanlegging og søke utsleppsløyve for alle avløp.
Kulturminne/-miljø/landskap	To byggeområde er i konflikt med kartfesta kulturminner. I begge tilfella er minna i dag nedbygt.
Jordressursar	Jfr. arealrekneskapen medfører forslaget at 216 da dyrkjord blir tilbakeført til LNF.
Skogressursar	Samla fører ny plan 180da skog som er byggeareal i gjeldande plan, tilbake til LNF.
Lausmassar og mineralske ressursar	Ingen byggeareal er i konflikt med registrerte viktige ressursar.
Forureining og støy	Nokre bustadområde ligg dels innanfor støyvarslingssoner langs fylkesveg. Det er krav om å dokumentere avbøtande tiltak ved detaljplanlegging. Ingen område vert ansett å representere fare for forureining eller støy for omgjevnadane.
Samfunnstryggleik	Nokre byggeområde ligg innanfor faresoner eller ulike aktsemdssoner for risiko. Detaljvurdering og avbøtande tiltak må dokumenterast i detaljplan.
Klimagassutslepp	Ein del av planprosessen har vore å skaffe kunnskap om klimakonsekvens av endra arealbruk. Kommunen har måttå hente inn ekstern bistand for kunnskapsopparbeiding og for utføring av analysearbeid. Arbeidet er støtta med Klimasatsmidlar. Planen omfattar få og små nye byggeområde. Konsekvens av t.d. omdisponering av under eitt da skogvert liten samla sett. Erfaringane tilseierfokus på samla effekt av planen, der ein ser på areaal omdisponet, saman emd areal tilbakeført. Samla konsekvens av planen blir oppsumert slik: <i>Den nye kommuneplanen gir forbedringer i omdisponering av arealbruk spesielt fra skog til utbygging. Dette vil gi mindreutslipp sammenlignet med dagens kommuneplan. Det er anslått totalt en forbedring på 7500 tonn CO2-ekv. over 20 år. Denne forbedringen tilsvarer å kutte utslipp fra ca. 410 innbyggere som reiser med diesel-eller bensinbil i 20 år. (Multiconsult, Klimagassutslipp fra arealendringer i kommuneplan, juni 2023)</i>

Utbyggingsmønster/tettstadutvikling	Planområdet består i stor grad av område med spreidd busetting. For nye byggeområde er det vektaagt nærleik til eksisterande utbygging. Dette gjeld særleg det største området, BU3 i Hundeidvik som ligg sentralt i bygda, og fyller ut eit alt fragmentert utbygt område.
Friluftsliv, grøntstruktur	Foreslalte utbyggingsareal er ikkje i konflikt med turstiar, friluftsområde eller på anna måte berører friluftsinteresser. Badestand i Hundeidvik er lagt ut som friområde.
Teknisk infrastruktur inkl drikkevatn	Nedslagsfelt for kommunalt og private drikkevasskjelder er kartfesta og lagt ut som omsynssoner med forbud om tiltak som kan påverke vasskvalitet. Utbygging vil i hovudsak kunne nytte eksisterande teknisk infrastruktur.
Sosial infrastruktur	Enkelte spreidte utbygging ligg utanfor gangavstand, eller trygg sykkelveg til samlingsplassar og møtestadar. Dette er uunngåeleg ved spreidd busetting. Kommunen vektlegg at dette er ein mindre del av bustadarealet i kommunen, samt at det er viktig å legge til rette for varierte bummoleger. Slik sett vert ein del bustadar bilavhengig. I den samanheng må det takast med at det generelt er korte avstandar i kommunen.
Folkehelse	Utbyggingsområda er samla sett vurdert å ikkje ha vesentleg negativ effekt på folkehelse. Bilavhengighet for ein del område er ein ulempe, men vert i folkehelsesamanhang gjerne oppvegd av nærleik til natur og gode turområder.
Nærmiljø - Barn og unge	Foreslalte utbyggingsområde er ikkje i konflikt med registrerte areal for barn og unge.

Vedlegg 1 Landbruksfagleg vurdering av innspel til nye byggeområde

Foreslatt bustadområde	Vurdering	Konklusjon
B1 - Velledalen	<p>Omsøkt areal har ein storleik på om lag 2 daa og ligg i kjerneområde landbruk – viktig kulturlandskap. Arealet er registrert med markslag «innmarksbeite» og i tillegg klassifisert som dyrkbar jord. Utbygginga er såleis i strid med jordvern.</p> <p>Teigen ligg inneklemt mellom to bustadeigedomar og fylkesvegen. Plasseringa vil såleis i liten grad føre til fragmenteringa av jordbruksareal. Utbygginga kan likevel føre til driftsmessige ulepper for landbruket. Dersom kommunen går inn for ei utbygging her må ein sørge for at tilkomsten til resterande beite- og skogsareal vert sikra.</p>	Moderat negative konsekvensar for landbruket
B2 – Velledalen	<p>Omsøkt areal har ein storleik på om lag 11 daa og ligg i kjerneområde landbruk – viktig kulturlandskap og produksjonsareal. Arealet er registrert som fulldyrka jord (A- jord i gamle ØK-kart, dvs. lettbrukte areal som kan drivast på ein rasjonell måte). Helling under 1:5.</p> <p>Arealet er del av eit heilskapleg og lite fragmentert jordbruksområde. Kommunen bør vise stor varsemd med å omdisponere areal som er kartlagt som</p>	Store negative konsekvensar for landbruket.

	viktige produksjonsareal i kjerneområde landbruk. Jorda er i aktiv drift. Konsekvensane for jordvernet og landbruksdrifta i området vert difor vurdert som stor.	
B3 – Hundeidvik	<p>Arealet har ein storleik på ca. 35 daa, av dette er om lag 13 daa fulldyrka jord, 12 daa produktiv skog og 10 daa anna markslag (fastmark). Mesteparten av arealet ligg i kjerneområde landbruk – viktig kulturlandskap og produksjonsareal. Dyrka marka er klassifisert som B- jord i gamle Økokart, dvs. areal som ikkje held krava til klasse A, men der maskinell hausting er mogeleg. Delar av dyrkamarka har helling mellom 1:5 og 1:3. Om lag 10 daa av omsøkt areal er registrert som dyrkbar jord.</p> <p>Ei omdisponering i dette området vil vere i strid med jordvern. Området berer likevel preg av sterke fragmentering. Arealet er oppstykka av fleire bustadeigedomar og består no av mange små jord bruksteigar som er lite rasjonelt å drive. Areala vert i dag brukt til beite.</p>	Moderat negative konsekvensar for landbruket
B4 – Ramstaddal	<p>Arealet har ein storleik på om lag 2 daa, av dette er ca. 1,3 daa fulldyrka jord og 0,7 daa produktiv skog. Helling mindre enn 1:5. Arealet ligg i kjerneområde landbruk – viktig kulturlandskap og produksjonsareal.</p> <p>Omsøkt areal er del av eit heilskapleg og lite fragmentert jordbruksområde. Konsekvensane for jordvernet, kulturlandskapet og landbruksdrifta i området vert difor vurdert som stor. Det er lite landbruksframand verksemd i området. Tilkomstveg må anten leggast over dyrkamark eller naboeigedomen. Begge alternativa kan føre til driftsmessige ulemper (klage på trafikk, lukt, støy osv.) for resteigedomen/ landbruksnæringa i området på sikt. Arealet er i aktiv drift.</p>	Store/ moderat negative konsekvensar for landbruket
FTU 1 – Aurdal	<p>Arealet har ein storleik på om lag 9 daa og er klassifisert som produktiv skog. Arealet ligg delvis i kjerneområde landbruk. Området er ikkje kartlagt som dyrkbar jord.</p> <p>Omsøkt areal ligg i eit område med lite landbruksframand verksemd. Kommunen bør vise stor varsemd med å tillate fritidsutbygging (utleigehytter m.m.) så nærmere eit stølsområdet, då slik næringsaktivitet kan føre til driftsmessige ulemper for landbruksnæringa (t.d. støy, forureining,</p>	Moderat negative konsekvensar for landbruket

	transport, konflikt med beitenæringa, osv.). Dersom kommunen går inn for ei utbygging i dette området bør det leggast klare føringar for utnyttingsgrad og utforming. Avbøtande tiltak bør vurderast for å redusere eventuelle negative konsekvensar for landbruket.	
FTU 2 – Aurdal	Omsøkt areal har ein storleik på ca. 10 daa og er klassifisert som produktiv skog. Ein liten del av arealet er kartlagt som dyrkbar jord, ca. 2 daa. Arealet ligg ikkje i kjerneområde landbruk.	Få negative konsekvensar for landbruket.
FTU 3 – Hundeidvik	Omsøkt areal har ein storleik på ca. 3 daa og er klassifisert som produktiv skog. Arealet ligg ikkje i kjerneområde landbruk. Strandzone.	Ingen negative konsekvensar for landbruket.
NÆ 1 – Velledalen	<p>Arealet har ein storleik på om lag 2,7 daa og er registrert med markslag «fulldyrka jord» i Gardskart. I gamle ØK-kart er arealet klassifisert som A-jord, dvs. lettbrukte areal som kan drivast på ein rasjonell måte. Helling under 1:5. Arealet i aktiv drift og ligg i kjerneområde landbruk – viktig kulturlandskap og produksjonsareal.</p> <p>Omsøkt areal ligg i eit aktivt, samanhengande jordbruksområde med lite innslag av landbruksframand verksemd. Oppretting av eit næringsareal her vil lage ein kile i eit verdifullt jordbruksområde og truleg føre til auka byggepress og driftsmessige ulemper for landbruksnæringa på sikt. Kommunen bør vise stor varsemd med å fragmentere verdifulle jordbruksareal i kjerneområde landbruk. Forslaget er i strid med jordvern.</p>	Store negative konsekvensar for landbruket.
ABA 1– Riksheim (Tidlegare NÆ2/SN2)	<p>Planforslaget har ein storleik på om lag 1 daa, av dette er om lag 200 m² registrert som fulldyrka jord. Resten av arealet er kartlagt som anna markslag/bebygd.</p> <p>Lagringsplassen på eigedomen er resultat av ein gradvis snikutviding over fleire år (2014- 2024) i strid med jordlova § 9. I praksis er heile området allereie nedbygd, jf. aktuelle flybilete. Ca. 280 m² av omsøkt areal er registrert som dyrkbar jord. Kommunen tviler likevel på at dette er eit reelt anslag med tanke på byggetiltaket som allereie er gjennomført. Ein reknar med at matjorda vart fjerna frå området.</p> <p>Sjølv om omfanget på planforslaget har vorte redusert meiner fagleiar landbruk framleis at kommunen bør vise stor varsemd med å etablere landbruksframand verksemd i dette området.</p>	Moderat negative konsekvensar for landbruket

	Planforslaget ligg i kjerneområde landbruk. Dyrkamarka på eigedomen er registrert som verdifullt produksjonsareal. Erfaring viser at etablering av mindre næringsareal (lagringsareal) har ein tendens til å ete seg innover dyrkamarka når den landbruksframande verksemda aukar i omfang. Dette vil kunne føre til drifts-messige ulemper forresteigedomen og landbruksdrifta i området. Slike situasjonar bør unngåast. Det bør definerast meir detaljert i føresegnene kva som er tillate i planforslaget.	
RO 1 – Hundeidvik	Naustområde. Ingen negative konsekvensar for landbruket.	Ingen negative konsekvensar for landbruket
RO 2 – Riksheim	Ein mindre del av arealet (ca. 500 m ²) er kartlagt som fulldyrka jord og del av eit større jordbruksareal på 16 daa. Arealet er registrert som kjerneområde landbruk – viktig produksjonsareal og bør difor trekkast ut av planen. Ein bør vere forsiktig med å etablerer rorbuer/ fritidsbygg i aktive landbruksområde då dette kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruksnæringa.	Moderat negative konsekvensar for landbruket.
LSB 1 – Velledalen	Arealet har ein storleik på ca. 6 daa og er registrert med markslag «produktiv skog» i Gardskart. Arealet ligg i kjerneområdet landbruk – viktig kulturlandskap. Heile området er kartlagt som dyrkbar jord. Utifrå eit landbruksfagleg perspektiv er arealet dårleg eigna til spreidd bustadbygging. Arealet ligg inneklemt mellom to store jordbruksareal i aktiv drift. Området har eit dyrkingspotensial som kan binde desse jordbruksareala saman. Det er elles lite landbruksframand verksemd i området. Ein bør unngå område med spreidd bustadbygging i område med mykje landbruksdrift då dette kan føre til auka byggepress på/ fragmentering av jordbruksareal og ulemper knytt til rasjonell drift.	Store/moderat negative konsekvensar for landbruket
LSN 1 – LNF Spreidd næring Aurdal	Arealet har ein storleik på om lag 13 daa, av dette er ca. 8,3 daa registrert med markslag «innmarksbeite» og 4,3 daa med markslag «produktiv skog» i Gardskart. Mesteparten av området har helling mellom 1:5 og 1:3. Ca. 2 daa er kartlagt som dyrkbar jord. Forslaget ligg i kjerneområde landbruk – viktig kulturlandskap. Konsekvensane for landbruket vil vere avhengige av	Moderat negative konsekvensar for landbruket.

	<p>type tiltak, omfang og lokalisering. For landbruket kan auka satsing på landbruksbasert reiseliv gi auka verdiskaping. Det er likevel viktig at slike tilbod ikkje fører til drifts- og miljømessige ulemper for rest-eigedomen eller landbruksnæringa i området. Det er viktig at ein unngår næringsaktivitet som generer mykje trafikk, støy, forureining og store landskaps-inngrep. Det må leggast klare føringar for utnyttingsgrad og utforming av området. Næringsbygg oppført i LNF- spreidd næring bør ikkje kunne frådelast frå hovudbruket.</p>	
P1 – Parkering ved Litlevatnet	<p>Omsøkt areal har ein storleik på om lag 1 daa, av dette er 800 m² registrert som overflatedyrka jord. I gamle Økokart ligg arealet som B-jord, dvs. areal som ikkje held krava til klasse A, men der maskinell hausting er mogeleg. Ca. 340 m² av dyrkamarka har helling mellom 1:5 og 1:3. Teigen er registrert som kjerneområde landbruk – viktige kulturlandskap.</p> <p>Eigedomen er ikkje i sjølvstendig drift, men markane er halde i godt hevd. Mykje av eigedomen er registrert som naturtype slåttemark med svært viktig verdi. Korleis tilstanden er på omsøkt areal er noko usikker.</p> <p>Etablering av parkeringsplass i dette området vil vere i strid med kommunen sin jordvernstrategi, delmål nr. 3. Alternativ plassering bør vurderast.</p>	Moderat negative konsekvensar for landbruket
FTU 4 - Aktivitetspark Hundeidvik	<p>Planforslaget berører ei stor, samanhengande nydyrkingsreserve, på ca. 200 daa dyrkbar jord. Ei omdisponering vil vere i strid med lokal jordvernstrategi og statlege føringar. Dyrkbar jord har same lovemessige vern som dyrka jord i jordlova. I gamle Økokart er store delar av arealet registrert som lettbrukt, noko som tilseier at området er godt eigna til oppdyrkning.</p> <p>Dyrka og dyrkbar jord er ein grunnleggande ressurs for å sikre matforsyninga på kort og lang sikt. Sjølv om det er lite landbruk igjen i Hundeidvik, så kan arealet verte ein viktig del av matberedskapen i framtida. Fagleiar landbruk rår difor frå å omdisponere eit så stort areal til fritids- og turistføremål (temapark). Tiltaket framstår som overdimensjonert.</p> <p>Omsøkt areal ligg ikkje i kjerneområde landbruk.</p>	Store negative konsekvensar for landbruket
FTU 5- Utleigehytter Pålplassen, sør for Hundeidvik fergekai	<p>Planforslaget berører ikkje dyrka jord. Arealet er i hovudsak registrert som anna markslag. Ca. 100 m² er registrert som dyrkbar jord.</p> <p>Etablering av utleigehytter i dette området kan føre til driftsmessige ulemper for landbruket i området. Kommunen bør vise varsemd med å etablere</p>	Moderat negative konsekvensar for landbruket.

	landbrusframand verksemد i kjerneområde landbruk (viktige produksjonsareal).	
--	---	--